



Skjåk kommune er med sine 2300 innbyggjarar ein attraktiv kommune med gode tenestetilbod til innbyggjarane og næringslivet. I Skjåk finn du gode og varierte fritidstilbod til store og små. Gode skular og barnehagar, idrettsanlegg med symjebasseng, hall og friidrettsanlegg, kulturskule, bibliotek, skianlegg og mykje meir. Breheimen og Reinheimen nasjonalpark gjev moglegheiter for varierte naturopplevingar. Industri, landbruk og handverksbedrifter tilbyr moderne og tradisjonsrike produkt. Dette har gjort Skjåk til ei merkevare for kultur, miljø og tradisjon. Kommunesenteret Bismo er eit moderne senter med eit variert næringsliv innan industri, handel, reiseliv og tenesteyting. Skjåk kan tilby ein kofri kvardag full av opplevingar. Skjåk samarbeider tett med kommunane både aust- og vestover.

Rådmann

Ein strategisk og utviklingsorientert rådmann

Ynskjer du å vere ein sentral aktør i utviklinga av eit lokalsamfunn? Skjåk kommune kan tilby spennande og krevjande oppgåver i utviklinga av kommunen sin organisasjon, tenestetilbodet til innbyggjarane og næringslivet. Kommunen ynskjer å framstå som ein innovativ og offensiv kommune. Rådmannen skal arbeide for å samle leiargar og tilsette omkring ein felles visjon for kommunen si framtid. Rådmannen skal bidra aktivt til gode relasjonar og godt omdømme gjennom vidareutvikling av tenester i dialog med innbyggjarar, politikarar, næringsliv og media. Å implementere ein revidert kommuneplan med fokus på vekst og utvikling i naturaktivitetar, næringsliv og forvaltning vil vere prioritert. Rådmannen har ei sentral rolle i ulike prosjekt for å styrke ei positiv befolkningsutvikling. Sentralt her står ei forsterka satsing på næringsutvikling og nye, kompetansebaserte arbeidsplassar innan forvaltning av utmark, industri, service, handel og turisme.

Ei veldriven kommune

Den nye rådmannen møter ein veldriven kommune med gode tenester, god økonomi, eit godt arbeidsmiljø og mange dyktige fagfolk. Rådmannen møter ei engasjert og fagleg sterk leiargruppe og gode arbeids- og fagmiljø. Det er eit godt politisk klima med tillitsfull dialog og samhandling med den administrative leiinga.

Rådmann er kommunen sin øvste administrative leiari. Rådmannen i Skjåk leier ein organisasjon på ca. 260 medarbeidarar basert på ein tilpassa "2-nivå modell" med rådmann, rådmannen si leiargruppe/stab og 13 tenesteområde med kvar sin tenesteleiari. Tenesteleiariane rapporterer direkte til rådmannen, leier tenesteproduksjonen og har eit gjennomgåande delegert økonomi-, personal- og fagansvar. Organisasjonsstrukturen fungerer godt og bygger på prinsippa i heilskapleg styring, brukarorientering og kvalitetsleiing. Det blir også forventa at rådmannen arbeider vidare med utvikling av styringssystem, organisasjon og leiing.

Eit framtidspotensial

Skjåk kommune har i dei seinare åra investert betydeleg i moderne bygningar og annan infrastruktur. Økonomien er god, bl.a. på grunn av kraftinntekter som mogleggjer oppbygging av fondsmidlar. Det ligg likevel utfordringar i vidare effektivisering av drifta, tilpassing av tenestenivået og reduksjon av produksjonskostnadane for å unngå at handlingsrommet «forsvinn» i drift og meirforbruk. Kommunen ynskjer å bruke meir ressursar på strategiske satsingar i kommuneplanen, i forhold til ressursforbruk i den etablerte tenesteproduksjonen. Kommunen deltek i fleire ulike interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon som stiller krav til utvikling og oppfølging. Eit slikt taktiskifte vil stille krav til tydelege strategiske val, og til god styring og dialog mellom administrativ og politisk leiing.

Oppdraget til vår nye rådmann vil bl.a. omfatte:

- Auka produktivitet i tenesteproduksjonen som gjev eit handlingsrom til nye satsingar og utviklingsarbeid
- Vidareutvikle rådmannen si strategiske leiargruppe med effektive strukturar og tydelege roller for leiargar i linje og stab og fokus på heilskapleg styring og deltakande leiing.
- Ein framtidretta arbeidsgjavarstrategi som gjev langsiktig rekruttering og kompetansebygging, godt omdømme og auka attraktivitet for tilsette, arbeidssøkarar, innbyggjarar og næringsliv
- Realisering av vedteken kommuneplan med vekt på tydelege strategiar, definerte delprosjekt og gode prosessar
- Kommune- og regionsamarbeid med bygging av robuste fagmiljø og kompetansedeling
- Styrke kommunikasjon og samarbeid med lokalt næringsliv for å skape nye, kompetansebaserte næringar og arbeidsplassar

Kommunen ser etter ein rådmann som:

- er strategisk og utviklingsorientert, ser heilskap og samanheng
- er tydeleg, handlekraftig og løysingsorientert med evne til gjennomføring
- har gode kommunikasjonssevner og verkar samlande
- beherskar samspelet mellom politikk og administrasjon
- har kompetanse innan økonomistyring, organisasjon, planfunksjonar og styringssystem, og gjerne med juridisk kompetanse
- har solid og relevant høgare utdanning i kombinasjon med brei og allsidig leiarerfaring frå offentleg og/eller privat næringsliv

Er du freista av dette?

Vil du vite meir – besøk våre heimesider www.skjaak.kommune.no eller www.upk.no

Du kan og ta kontakt med ordførar Rolv Kristen Øygard, tlf. 901 31 005, eller kommunen sin rådgjavar, Ivar Aslaksrud frå UtviklingPartner AS, tlf. 930 30 194 for nærare opplysningar eller eit uførmelt møte.

Lønn, tiltreding, tilsettingsform og andre vilkår etter avtale. Det vil bli utarbeidd ei eiga leiaravtale.

Kortfatta søknad vedlagt CV merka «Rådmann Skjåk» kan sendast som e-post til utviklingspartner@upk.no

snarast og seinast 16.12.2013. Vitnemål og referansar skal takast med til ev. intervju. Vi gjer merksam på at det vil bli utarbeidd ei offentlig søkarliste etter at søknadsfristen er ute.

Søkarar som likevel ynskjer at søknaden blir behandla konfidensielt, må opplyse om dette og grunngje det særskilt i søknaden. I tilfelle vi ikkje finn tilstrekkeleg grunngjeving for å bli unntate offentlegheit, vil vi ta kontakt tilbake, slik at søkar kan velje mellom å trekke søknaden eller stå fram med namn.

